



SAKSHANDSAMAR
Erik Småland

VÅR REF.
13/00135-123

ARK. F - Fartøy
Granvin

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

+47 98202739

DYKKAR DATO

VÅR DATO

03.11.2017

TELEFAKS

+47 22 94 04 04

postmottak@ra.no

www.riksantikvaren.no

Veteranskiplaget Fjordabåten
Postboks 1740 Nordnes
5816 BERGEN

LGDC - M/S Granvin - godkjenning av rapportar frå arbeid som det er gjeve tilsegn om tilskot til i 2018

Vi syner til rapportar frå arbeid på skipet datert 22.10.2017 og 31.10.2017 med vedlagte faktura.

Riksantikvaren ser at arbeidet er utført etter antikvariske prinsipp, vilkåra for tilsegna og er innanfor ramma av tilsegna for 2018. Faktura for det samla arbeidet omtalt i rapportane av 22.10.2017 og 31.10.2017 er på kr. 2 240 605,-. Denne summen kan difor utbetalast i januar 2018 når Riksantikvaren har motteke oppmoding om utbetaling. I oppmodinga kan det då synast til dette brevet der rapporten frå arbeidet er godkjent.

Dersom det skulle syne seg naudsynt å be om å få omdisponere delar av ei tilsegn som det vert rapportert på, året før tilsegna kan utbetalast, så ber vi om at dette vert nemnt særskild i vedleggsbrevet til rapportane.

Tilsegn for 2018	4 000 000,-	
Arbeid som er fakturert i rapport av 23.08.2017		1 104 135,-
Arbeid som er fakturert i rapport av 22.10.2017		990 968,-
Arbeid som er fakturert i rapport av 31.10.2017		1 249 637,-
Del av tilsegn som det enno ikkje er motteke faktura for		655 260,-
Sum	4 000 000,-	4 000 000,-

Vi minner samstundes om at når alt arbeid som er finnaisert med tilskot/tilsegn for eit einskild år er ferdig, så skal det sendast inn ei samla rapport som dekkjer alt arbeid utført for dette tilskotet/tilsegna. Ei slik samla rapport vil vere ei samanstilling av alle delrapportane med eit samla oversyn over alle kostnadene.

Beste helsing

Maria S. Lytomt (e.f.)
Fung. seksjonssjef

Erik Småland
Seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent

Kopi til: Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen